

Øyskogen og Bygdemuseet



Foto: Hamish Moore

VISSTE DU AT FYRESDAL har eit av dei største freda gravfeltet i Telemark? Dei 18 gravhaugane ligg i bygdeparken Øyskogen og er frå yngre jernalder (600-1000 e.Kr.). Kan du finne spor etter dei? I parken finst det òg bygningar som var vanlege på gardar i Fyresdal på 1800-talet. I gardstunet var det vanleg med lafta stogebygning, bur, loft, løe, stall og fjøs. Smia og badstova låg utanfor tunet på grunn av brannfare. Husa i Øyskogen er frå ulike tidsperiodar mellom 1500- og 1800-talet. Bjørnstadstoga er frå 1600-talet og var i tidlegare tider nytta som tingstoge. Ved fylkesvegen ligg utstillingsbygget med ei rekkje gjenstandar som bygdefolket nytta i ulike samanhengar. Om sommaren kan du få omvising. Kontakt turistinformasjonen.

Folkestadbyen



Illustrasjon: Rita Metveit

FRÅ 1870-ÅRA OG FRAMOVER danna det seg ein "landsby" i Fyresdal sentrum. I tida rundt 1900 budde det 129 menneske i 25 bustader i det som blei kalla Folkestadbyen. I "byen" levde dei av å produsere tenester for andre. Her budde det skogsarbeidarar, skreddarar,

smedar, ein bakar, jordmor, folk som arbeidde på rutebåten på Fyresvatn, handelsmenn mfl. Det blei tilflytting frå gardane og grendene i bygda. Mange tok med seg husa sine, sette opp uthus og laga ein liten hage rundt. Fleire av husa blei moderniserte i sveitserstil. Dei ordna seg så tett langsetter vegane at vegane blei kalla gater. Denne strukturen av ein hageby har sentrum i Fyresdal enno. Det er dette som er særskilt med Folkestadbyen samanlikna med andre bygdar.

www.vandretelemark.no
www.fyresdal.no


Ansvarleg utgjevar er VTNU AS og Fyresdal kommune med støtte frå



Layout: Nina Akersveen / Trykke: Erik Tanché Nilsen as

Fyresdal – Telemark

TURMÅL Moland
Kulturminneløype

TEMA Kulturminne/bygdevandring



Foto: Hamish Moore

KVA KAN
DU SJÅ
PÅ TUREN?

"MB TEISNER" var fløytingsbåt på Fyresvatn frå 1913 og fram til 1971, då tømmerfløytinga blei nedlagd.

Foto: Tore Fossum

SKIPPERGATA er namnet på ei av gatene i innlandskommunen Fyresdal. Gata fekk namnet etter skipperen på rutebåten "Fyresdølen", som budde her. Foto: Hamish Moore

MUNKHOLA er blitt graven ut i fjellet av bølgeslag og frostsprenging frå Fyresvatn på slutten av istida. Foto: Hamish Moore

DESSE SKILTA fortel deg historia om husa i Folkestadbyen.

Foto: Monica Sølyst



Bersamlaget

Folkestadbyen

1904 Byggherre: Fyresdal Vel. Tømra er frå Søndre Lofthus.

Her tok dei imot bær og konglefrø, og pressa saft. Seinare blei det tipping og sal av tobakk og blad.

Moved here and rebuilt 1904. A cooperative took berry and seed deliveries, and made lemonade. Later on, a tobacco kiosk.

1904 hierher versetzt und neu errichtet. Eine Genossenschaft presste hier Saft aus Beeren. Später kam ein Kiosk für Tabak und Lotto.

Om turen

KULTURMINNELØYPA har utgangspunktet i Fyresdal sentrum ved Bygdetunet Øyskogen. Her kan du velje om du vil gå heile løypa (Folkestadbyen via Saukro og Bryggjeparken (2,5 km) vidare inn i Hamaren aktivitetspark (2,4 km) eller berre éi av sløyfene. Heile turen (inkl. Hamaren aktivitetspark) tek om lag to timar i alminneleg turtempo. Turen er lett å gå og stiller ikkje særlege krav til fottøy – han eignar seg godt for både barnefamiliar og eldre. Store delar av løypa er tilgjengeleg for rullestol.

Køreforklaring

Parkering og start i Fyresdal sentrum v/Bygdetunet Øyskogen.
(GPS: N59°10.983' E008° 05.557')



For oversikt over vandravennleg overnatting, sjå www.vandretelemark.no



Du har sjølv ansvar for tryggleiken undervegs.
Ta omsyn til naturen og beitande dyr.
Gjer vel å ta med søppel heim. God tur!

Kart: Turkart for Fyresdal Aust 1 : 50 000.



Tilgang:
Mai – oktober.



--- Kulturminneløype
--- Sti
--- Sykkelloype
--- Universell veg

Badeplass
 Parkering
 Toalett
 Sykkelloype
 Kafé
 Utkikkspunkt
 Utekjøkken

1. Folkestadbyen med Skippergata og Lensmannsgata og ei særprega "landsby"-busetjing.
2. På veg mot bryggjeområdet ser du prestegarden på venstre hand, og ved inngangen til Moland kyrkje (bygd i 1843) ligg ein freda gravhaug frå jernalderen.
3. Klokkegarden (bygd i 1777), som var den første faste skulestaden i Fyresdal.
4. Munkhola – ei høle i fjellet som blei danna under istida av is og frostsprenging då Fyresvatn var langt høgare enn i dag. Det er ei segn som fortel at munkar nytta hola som gøymestad på 1500-talet.
5. Slaggunn på Prestestranda dokumenterer to freda jernvinningsanlegg frå yngre jernalder/mellomalderen.
6. Ved hjørnet av P-plassen ved kafeen er det restar etter tre freda gravhaugar og ei gravrøys.
7. Prestebryggja og Bryggjeparken er lagt til rette som bade- og rasteplass.
8. Den gamle fløytingsbåten "MB Teisner" blei teken ut av drift i 1971, men blei teken vare på og sett på land. Han blei bygd på Akers Mek. Verksted, frakta i delar og sett saman i Fyresdal. Frå båten kan du følgje gangstien langs Sitjeåa opp til fylkesveg 355, og med retur til Øyskogen og Folkestadbyen.

